

Referat frå "ordførarmøte" i Kollsnes – Mongstad-saka 25. april 2008.

Deltakarar: Astrid Aarhus Byrknes, Nils Træland, Olav Martin Vik, Olav Mongstad og Jon Askeland.

Notert frå møtet:

1. Høyringsfrist.

Kommunestyremøta passar ikkje tidsmessig for høyringsfristen 5. juni. I møtet ringde Astrid til NVE, som **gav kommunane forlenga svarfrist på høyringsuttale til 1. juli 2008.**

2. Organisering av arbeidet:

Me lagar ein "treledda organisasjon" ved at kvar kommune etablerer eigne arbeidsgrupper. Det vert etablert ei overordna arbeidsgruppe frå alle kommunane - med blanda politisk/administrativ deltaking. Arbeidsgruppa held møte etter folkemøtet. Ordførarmøtet held fram.

Deltakarar i den overordna arbeidsgruppa vert Olav Martin Vik, Jon Askeland, Asbjørn Toft, Aslaug Aalen og ein repr. frå Austrheim kommune (kommunen melder tilbake namneframlegg).

3. Fotomontasje til folkemøta:

Me ønskjer ein fotomontasje slik me vil ha den, dvs. sett frå bakkenivå. Jon Askeland kontaktar BKK om å få dei til å laga dette (jfr. tidlegare lovnad).

4. Grunneigarmøte.

Kvar kommune arrangerer eigne grunneigarmøte.

5. Arbeidsmåte.

Olav Martin orienterte frå Fana-Kollsnes-prosessen. I høyringsrunden må me samla inn og presentera unike argument til støtte for vårt syn. Me må leita fram att argumenta som vart nytta overfor BKK og frå Fana-Kollsnessaka. I tillegg nye og andre viktige argument.

Olav Martin sender over relevant informasjon frå Fana-Kollsnessaka til dei andre kommunane.

NB: Hugs å også å ta med alle punkta i konsesjonssøknaden – også ekspropriasjon og førehandstiltreding.

Det vil vera greitt å kontakta FM og HFK i prosessen.

I folkemøtet ber kommunane om å samla gje kvar kommune si korte orientering om kva me går for ved starten av møtet, slik at tyngda av møtet vert eit folkemøte.

Radøy kommune reknar med å be Olav Steinar Namtvedt til å delta i utforminga av høyringsuttalen. Han vert i så fall deltakar i den overordna arbeidsgruppa. Den overordna arbeidsgruppa vurderer spørsmål om evt. juridisk støtte.

Ref. JA.